Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bryne

Oppskr. av: Sigurd Røstig(?) Apelsen(?)

(adresse):

Fylke: Hordaland

Herad: Kinsarvik

Bygdelag: Husgrendi(?)

Gard: Hus

G.nr. -    Br.nr. -

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. både og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Jakob M. Hus, Kinsarvik 73 år gardbrukar

SVAR

Kjenner ikkje til noko bygde av brynebrúken so langt heimelsmannen veit å fortelja um, heller ikkje nokon tradisjon som er knytta til bryne eller brynebrúk.

1) Ein brúkar ordet bryne, når det er til bruk av grovare slag åks. ljå m.m. Er det bryne av finare slag og til finbryning kniv, skjeltkniv(?), barberknivar kallar ein det "heidn". Ein brúkar ordet å bryna, a "heidna". men er det ljå so vart det sagt å "kvekja" ljåen (ljaaen)

2) Både kunstein og natúrstein vert brúka. I Kinsarvik var det eit brynslag som var kalla Srekalstein etter garden Srekal der steinen var å finna (dialekt Skorekalstein) Denne brynesteinen vart laga av han som åtte garden(?) og var å få kjøpt hjå landhandlarane. Steinen var elles ikkje sidare god og vart berre brúka til grovare brúkse.

3) Først vart knivi slipt på slipesteinen når dei trengst slipast og so brúkar ein bryne for å ta bort "rjoa" som det heiter.

4) Ja "kynnesljao". Di vart knytte út i smidja når dei vart sjende. Dette star tilfelle både

6344

med ljå og sigd. "Innslipjaarn" var meir sjeldsynt som slipejaarn. Ordet "ambolt" var lite bruka. Ein kalla det "steen" men skapet var stort sett det same. Det var husbonden som gjorde dette arbeidet. Det var ikkje kvar mann som var førte til slikt arbeid

5) Brukar gjerne den dag idag å kvessa bradknivin o: liknande på ei hella eller lagleg stein. Slipesteinen stod heime i tunet gjerne under tak. Um sumaren hadde ein gjerne ein slipestein i sida eller ein bekk um slike fanst. Men veit eg ikkje å svara på spursmål nr. 5.

6) Ein brukte ljåen til han var utslitt sjølsagt. Ein måtte ikkje driva på med ein slitt ljå slik at det gjekk utover effektiviteten. Men det var alltid helde ein god ting å få ljåen til å bita lengst råd var. (Det var ein kunst å kunna kvekkja godt)

7) Kjenner ikkje til at det har vore brukt belegg av noko slags form.

8) Både og. Var bandet i vidja so sat ljåen på ormet medan ljåen vart slipt. Var bandet reim eller ein jarnring so tok ein gjerne ljåen av ormet. Ein held alltid egg mot seg når ein sliper ljå

9) Er det stutt orv held ein ormet mellom beini heilt uppi skrevet og låtene slår noko i kvalt. Langorven set ein med enden ned til marka og held orv og ljå med venstre hand

10) Kappen ein ber bundet i kallar

6344

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av:

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

om kvatsholk på dinsekantar (Kinsarvik og gamlebygdene) Han er laga av tre, men mest ofte av jarn blekk

11) Veit ikkje kva det er kjenner til eller har høyrt

12) Kvatsholken hang helst i ei reim eller belte og for det meste på venstre sida

13) Ja ein har alltid vatn i kvatsholken ikkje anna væske eller andre ting. Ein må ikkje venta for lenge før ein skifter kvatsvatnet. Det må ikkje verda for skjitt av det som vert slite av brynet (Brynesvatna) Var det skogsslått låg ofte brynet gøymt i skogslåda (utlåda) frå år til anna.

14) Det som vert skave av brynet med vatnet kallar ein brynesvarta! Den

15) vert gjerne brukt mot ringorm. Eg kan minnast at bestemor mi brukte det på ein eldre kar av meg som hadde fenge ringorm på ein handbaken. Ho smurde det på; det var utblanda i vatn*)

16) Kjenner ikkje til det

*) ein brukte slipesteingrut mot vortar.

6344

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17) Kjenner ikkje til det
18) — " —
19) — " —
20) — " —

Til nr. 2.

På smida av eini Kinso sjyjå i hågd som heiter Kjævvn kjent i det fint Smidsynkje. Fargen er lysimleg og stemna er fin og god som den beste eg kjenner til. Eg hadde hone til å sjå og bruka vatn i sumar.

Sigurd Rating.

6344

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING